



Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd

10/09-25 Ikornnes kyrkje kl. 17:00.

Desse møtte: Leif Kalvatn, Solfrid Utgård, Johanne Lade, Synnøve Kalvatn, Malin Uri og Kristine Abelseth

Sak 13/25 Studietur

Tankar om tur fleire var med på til El Campanario. Kjekt å bli betre kjende med dei som arbeider i staben og dei i Sykkylven sokneråd. Tema vi snakka om frivilligheit, eldsjeler og engasjement i kyrkja. Kva skal vi gjere for at folk skal kjenne at dei høyrer til i kyrkja. Vi kan vere meir frimodige å spørre om folk vil bidra, vere med på arrangement, dugnader lage kaker ol. Då kan dei kjenne seg inkluderte, mange kan også sette pris på å bli rekna med og spurt, og dei kan også fritt takke nei. Tenker fortsatt fokus på å bidra til at Ikornnes kyrkje er ein sosial møtestad, for å få folk til å kjenne seg heime i kyrkja.

Sak 14/25 Inkludere prest Jonas

Vi kan huske å invitere med Jonas på eit møte i Ikornnes sokneråd, evt arrangement. Kjekt å bli kjendt med han også.

Sak 15/25 Fellesmöte

Vi avtalar fellesmöte med Sykkylven sokneråd 18. november kl. 17 i Sykkylven kyrkje.

Sak 16/25 Konsertkveld med Country og Gospel Team.

Fredag 24/10 kl 19, ca 1 time og 15 min. Jon Reidar, Kristina, Lidvar og Halstein Kurseth, Odd Ludvig Lie, Arild Kvenseth, Tor Einar Steinsvik og Sveinung Utgård. Mulig endring eller fleire. Fiskegryte laga av Lidvar. Sette bolle på kvart bord? Malin lagar plakat, sender til Kathrin slik ho får publisere på kyrkja si side. sender til Kristine som lager ark til postkasser og deler ut eit par veker før arrangement. Pris 250 for konsert, og 350 for konser og middag. Sjokolade/evt twist eller smågodt og kaffi til dessert. Påmelding til Björg for dei som skal ha middag.

Sak 17/25 Rose sin nynorske salmekveld.

Vi ynskjer å bidra til ein salmekveld i høve at det i år er 100 år sidan den nynorske salmeboka kom ut. Våre forslag er at det er ein kveld, gjerne søndag, eller dag med lite aktivitet på bygda som kor/ korpsövingar, då desse er kandidatar til å vere med på ein slik kveld. Kristine snakkar med Rose kva dato ho tenker seg. Vi ønsker at arrangementet er gratis. Kanskje kan Hundeidvik blandakor bidra med at nokon över og syng med, gjerne fleirstemt på evt meir ukjende salmar? Vi tenker oss kveldsmat med bröd pålegg, salatar, kaffi osv slik det ikkje er så viktig med kva antal som kjem. Med middag treng vi meir påmelding for å vite kor mykje vi skal beregne. Forslag at salmesongen ikkje må vere så lyst i toneleie. Rose har snakka om at folk kan ønske seg salmar, og litt info om dei ulike salmane.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 18/25

Seniordagen søndag 30. november.

Vi i soknerådet er med å serverer etter Gudstjenesta. Ause opp middag og vaske opp.

Sak 19/25

Uteområdet til våren.

Björg og Solfrid er prosjektpådrivarar for å få istand uteområdet til våren. Mogleg vi kan få dugnadhjelp frå evt Hundeidvik blandakor? Samarbeid med Karl Johan. sjå kva ein treng av utstyr og maskiner. Høyre med Eirik Gjerdstud evt? Konsulent frå Europris?

Referent,
Kristine Abelseth.